Årsrapport 2023

vitemeir

Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS

Transaksjon 09222115557515081333 Signert AFA, GKR, CH, ITM, MH, TIMMK, TGH, TAN

Innhald

1. Dagleg leiar si beretning 3
   1.1. Kva med 2024? 4
2. Kort om verksemda og hovudtal 6
   2.1. Nøkkeltal 2023 7
3. Oppnådde resultat og viktige hendingar i 2023 8
   3.1. Formidling 8
   3.2. Utstillinga vår 10
   3.3. ViteMeir for fritidsbesøkande 12
   3.4. SmakeMeir 14
4. Administrasjon og styring 16
   4.1. Styret 16
   4.2. Organisasjon 16
   4.3. Samarbeidspartnarar 17
   4.4. Helse, miljø og tryggleik 18
   4.5. Økonomi 19
5. Rekneskap 2023 21

opplev
oppdag
oppnå!

Transaksjon 09222115557515081332 Signert AFA, GKR, GH, ITM, MH, TIMMK, TGH, TAN

1. Dagleg leiar si beretning

Ved inngangen til 2023 hadde ViteMeir vore i drift i litt over eitt år. Me hadde lagt bak oss eit hektisk, men likevel veldig positivt første driftsår og det var knytt litt spaning til korleis «det vanskelege andreåret» skulle bli. 2023 skulle vise seg å bli nok eit positivt år med høg aktivitet innan dei fleste av driftsområda våre.

Fokuset var framleis på å vere gode på kjerneoppgåvene og få på plass viktige rutinar. ViteMeir på hjul starta opp i 2023 og sette sitt preg på året. I starten av året gjennomførte me eit prøveprosjekt for ViteMeir på hjul, i samarbeid med Campus Verftet i Førde. I tillegg fekk me støtte frå Tekna til å gjennomføre ein turné der me reiste rundt med læringsopplegga våre og tilbydde dei til skular i kommunar som ikkje har bruksavtale med ViteMeir. På den måten nådde me mange elevar som me elles ikkje ville nådd. Tekna likte dette så godt at når dei skulle bestemme seg for korleis dei skulle markere sitt 150 års-jubileum i 2024, landa dei på å gi alle vitensentera
150 000 kroner kvar, som skal nyttast på å tilby læringsopplegg til elevar som elles ikkje ville fått moglegheit til å få eit tilbod frå sitt regionale vitensenter.

Arbeidet med ny energiutstilling i store deler av første etasje sette òg sitt preg på 2023. Etter å ha lagt ned eit omfattande arbeid med innhenting av finansiering, utvikling og ikkje minst bygging kunne me i september endeleg opne utstillinga som truleg er det mest omfattande utviklingsprosjektet på lang tid.

Kafeen SmakeMeir fekk på plass ny leiar for mat og drikke frå starten av 2023 og har teke store steg i løpet av året, både når det gjeld det daglege tilbodet i kafeen, men ikkje minst ved å bli ein meir integrert del av sjølve vitensenteret og arbeidet med samfunnsoppdraget vårt.

Engasjerte

Modige

Samlande

Transaksjon 09222115557515081332 Signert AFA, GKR, GH, ITM, MH, TIMMK, TGH, TAN

1.1. Kva med 2024?

1.1.1. Strategi for dei neste fire åra

I desember 2023 vedtok styret ViteMeir sin strategi for 2024-2027. Strategien «Opplev» Oppdag! Oppnå!» løftar opp samfunnsoppdraget som ViteMeir har ved å vere definert som eit regionalt vitensenter, slik at det skal ligge som førande premiss for det daglege og langsiktige arbeidet me legg ned. For å nå visjonen om å inspirere til berekraftig samfunnsutvikling og leikande læring skal ViteMeir tilby eit breitt utval interaktive utstillingar og læringsopplegg. ViteMeir skal vere ein attraktiv samlingsplass og ein pådrivar for samarbeid og utvikling i tråd med samfunnsoppdraget vårt. Det har blitt definert tre strategiske innsatsområde, formidling og utstilling, lokal og regional rolle og marknad og økonomi, med tilhøyrande mål, indikatorar, tiltak og resultatkrav. Eit viktig premiss i arbeidet med den nye strategien har vore at det ferdige produktet skal vere eit nyttig verktøy for tilsette i det daglege og særleg når me skal fatte avgjersler. Den nye strategien inneber ikkje ein radikal endring av kurs for ViteMeir, men på nokon område er den med på å tydeleggjere fokuset me bør ha for å levere på samfunnsoppdraget vårt, til dømes ved å ha eit auka fokus på at eit besøk til ViteMeir skal bidra til auka realfagleg kapital, enten ein er på skulebesøk, er gjest i utstillinga, møteromsgjest eller kafégjest.

SAMFUNNS-OPPDRAG

Inspirere til realfagsglede og bidra til rekruttering til kompetanseområde som Noreg treng i dag og i framtida.

VISJON

Me inspirerer til berekraftig samfunnsutvikling og leikande læring!

MISJON

ViteMeir skal tilby eit breitt utval interaktive utstillingar og læringsopplegg. ViteMeir skal vere ein attraktiv samlingsplass og ein pådrivar for samarbeid og utvikling i tråd med samfunnsoppdraget vårt.

Transaksjon 09222115557515081332 Signert AFA, GKR, GH, ITM, MH, TIMMK, TGH, TAN

Den overordna faglege profilen er framleis R E I N T – ressursar, energi, idémyldring, natur og teknologi.

1.1.2. Særskilt for 2024

I 2024 vil ViteMeir på hjul til vår store glede rulle vidare! Satsinga blir i 2024 finansiert av gåve-midlar frå Tekna og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane. I tillegg til dei 150 000 kronene som me, til likt med alle dei andre vitensentera, får frå Tekna i høve deira 150 års-jubileum, får ViteMeir ytterlegare 100 000 kroner som vil nyttast på ViteMeir på hjul. Når me i tillegg har fått tilsegn om støtte frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane til ViteMeir på hjul for dei neste fire skuleåra dannar dette eit godt utgangspunkt for arbeidet vårt me å nå målsetnaden om å nå alle kommunar i Sogn og Fjordane i løpet av ein rullerande to-årsperiode.

Sjølv om mange av læringssopplegga våre kan pakkast inn i bilen og takast med på hjul, kan me ikkje sei det same om utstillinga vår. For å kunne gi eit så godt og inspirerande tilbod som mogleg når me er ute på hjul, har me derfor behov for fleire mobile installasjonar. Ved hjelp av eit eingongstilskot frå Vestland fylkeskommune vil me i løpet av 2024 få på plass fleire mobile installasjonar til ViteMeir på hjul, som me håpar og trur vil inspirere elevar til realfagsglede rundt omkring i heile Sogn og Fjordane.

Gry Høyheim,
Dagleg leiar, Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS

Transaksjon 09222115557515081332 Signert AFA, GKR, GH, ITM, MH, TIMMK, TGH, TAN

2. Kort om verksemda og hovudtal

Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS, ViteMeir, er eit av 13 regionale vitensenter i Noreg. Eit vitensenter er eit populærvitskapleg opplevings- og læringssenter. Vitensentera inspirerer born og vaksne til å utforske og søke nye opplevingar, og samarbeider med skuleverket om å utvikle ny kunnskap som samfunnet og næringslivet treng i framtida.

På vekedagar i skuleåret tilbyr ViteMeir læringsopplegg og formidling av realfag for bornegrupper frå barnehage, alle trinn i grunnskulen og vidaregåande skule. Studentar frå HVL gjennomfører òg relevant opplegg ved ViteMeir. Vitensenteret er opent for fritidspublikum om lag 350 dagar i året og tilbyr både møterom, servering og aktivitetar for private og offentlege bedrifter.

ViteMeir har adresse Skarpeteigvegen 2 på Kaupanger i Sogndal kommune.

Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS blei skipa i 2018 og opna i november 2021. ViteMeir har følgjande eigarar:

- Vestland fylkeskommune (33,33 %)
- Sogndal kommune (18,3 %)
- Kaupanger Næringsforening (9,8 %)
- Stiftinga Vestlandsforsking (7,52 %)
- Sogn Næring AS (6,54 %)
- Luster kommune (5,56 %)
- Vik kommune (3,92 %)
- Lærdal kommune (3,6 %)
- Kinn kommune (3,27 %)
- Høgskulen på Vestlandet (3,27 %)

Ved utgangen av 2023 bestod organisasjonen av 25 24 tilsette som til saman utgjer 14,4 årsverk. Innan administrasjon, drift og formidling var det 9,9 årsverk fordelt på 12 tilsette. I SmakeMeir var det 3,3 årsverk, fordelt på 6 tilsette inkludert to smakevertar (ungdommar i deltidsstillingar). I tillegg var det 6 tilsette vitenvertar som til saman utgjorde opp mot 1,2 årsverk.

Transaksjon 09222115557515081332 Signert AFA, GKR, GH, ITM, MH, TIMMK, TGH, TAN

2.1. Nøkkeltal 2023

- 12 870 barnehageborn, elevar, studentar og lærarar har deltatt på 396 læringsopplegg
- 42 lærarar har deltatt på ulike lærarkurs
- Elevar frå 14 av 18 kommunar i Sogn og Fjordane har fått læringsopplegg frå ViteMeir
- Me har nådd 3 773 elevar og lærarar gjennom ViteMeir på hjul
- 2239 personar har møtt oss utanfor senteret på vitenshow
- Om lag 100 born på sommarskule
- 15 907 fritidsbesøkande gjestar
- 3 889 andre gjestar besøkte ViteMeir i jobbsamanheng
- Totalt 34 905 gjestar* i 2023
- Omsetnad på 20,94 mill. kroner inkludert tilskot og gåvemidlar (11,7 % meir enn i 2022)
- 14,32 utførte årsverk, ikkje korrigert for fråvær

*Dette er inkludert oppsøkande verksemd, til dømes vitenshow eller kurs andre stader enn på ViteMeir, men ekskludert gjestar som berre besøker SmakeMeir som kafégjestar.



Transaksjon 09222115557515081332 Signert AFA, GKR, GH, ITM, MH, TIMMK, TGH, TAN

3. Oppnådd resultat og viktige hendingar i 2023

3.1. Formidling

ViteMeir har treårige rammeavtalar for kjøp av læringsopplegg med kommunane Sogndal, Luster, Lærdal, Årdal, Aurland, Vik og Sunnfjord, i tillegg til Vestland fylkeskommune. Dei fleste av desse avtalane varer ut skuleåret 2023/2024, og arbeidet med å fornye desse er i gang.

I løpet av 2023 har me jobba meir med den regionale rolla vår, og nådd ut til elevar frå 14 av 18 kommunar i Sogn og Fjordane. Etter prøveprosjektet i Sunnfjord kommune, der ViteMeir gjennomførte læringsopplegg for ungdomsskuleelevar frå Sunnfjord kommune på Campus Verftet, utvida Sunnfjord kommune bruksavtalen sin til å omfatte også faste besøk på Campus Verftet, frå og med skuleåret 2023/2024. I tillegg har me fått på plass ein ekstern sponsor for busstransport for Sunnfjord kommune.

Totalt utgjer alle bruksavtalane 322 læringsopplegg per skuleår.

I løpet av sommaren 2023 gjennomførte me sommarskule (2-5 dagar) for om lag 100 born.

Transaksjon 09222115557515081332 Signert AFA, GKR, GH, ITM, MH, TIMMK, TGH, TAN

ViteMeir fekk òg midlar frå Tekna og Forskingsrådet (Forskingsdagane) til å halde læringsopplegg og vitenshow for skular med lang reiseveg til vitensenteret. Her nådde me over 700 elevar med læringsopplegg og over 2000 elevar med vitenshow.

Mot slutten av året fekk me tilslag på ein søknad til Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane om eit fireårig prøveprosjekt der me skal gjennomføre læringsopplegg i kommunar som ikkje har bruksavtale. Her må kommunane sjølv bidra med ¼ av kostnadane. Dette er eit arbeid me tar til på i 2024 og målsetnaden er at desse kommunane etter prosjektperioden vil teikne bruksavtalar med ViteMeir, enten om besøk til senteret, ViteMeir på hjul eller begge deler. ViteMeir på hjul er ikkje ein erstatning for, men eit supplement til, besøk til senteret vårt. Ved å reise ut kan me nå langt fleire elevar, som elles ikkje ville fått eit tilbod frå oss.

Gjennom året har me delteke på nasjonale prosjekt gjennom Vitensenterforeningen. Her har me levert læringsopplegga Super:bit, KodeKraft, LydLab og KodeKunst. ViteMeir har òg levert lærarkurs i Super:bit.

Andre samarbeidsprosjekt:

- Branndagar for barnehagane i Sogndal, Luster og Vik kommune i samarbeid med Sogn brann og redning.
- SIMAS-dagar om berekraft og gjenvinning for alle 4. klassingar i Sogndal, Luster, Lærdal og Vik kommune i samarbeid med SIMAS (Sogn interkommunale miljø- og avfallsselskap).
- Utvikling av læringsopplegget "Fortidsmat og framtidsmat" i samarbeid med Sogn folkemuseum - De Heibergske samlingar.
- Utvikla eit læringsopplegg i disseksjon der me først gjennomførte opplegget med lærarstudentar i naturfag ved HVL, før desse studentane gjennomførte same opplegg for to 8. klassar med våre formidlarar som rettleiarar.
- ViteMeir deltek òg i fleire forskingsprosjekt i samarbeid med HVL og Vestlandsforsking.

I august tilsette me ein ekstra formidlar grunna stor auke i aktiviteten og ein auke i driftstilskot frå Vestland fylkeskommune.

Me har ein jobb å gjere med å få fleire vidaregåande skular til å nytte tilboda våre. Her må me jobbe med informasjon ut mot både skulane generelt, og lærarane spesielt.

Transaksjon 09222115557515081332 Signert AFA, GKR, GH, ITM, MH, TIMMK, TGH, TAN

3.2. Utstillinga vår

Eit av hovudmåla i utviklingsplanen for tilskotsordninga for dei regionale vitensentera – VITEN, er å vidareutvikle og auke bruken av utstillingane. Sjølv om ViteMeir framleis er eit nytt senter, blei det gjort store endringar i utstillinga i løpet av 2023.

Vandreutstillinga «Prosjekt fantasi», som forlot ViteMeir hausten 2022, blei i første omgang erstatta av diverse midlertidige installasjonar medan arbeidet med å utvikle og hente inn finansiering til den nye energiutstillinga gjekk føre seg. I midten av september 2023 opna den nye energiutstillinga, «Energibygda». Visjonen bak utstillinga var å bidra til å løyse dagens og framtidas energiutfordringar ved å spreie kunnskap om og interesse for energi som fagfelt. Dette ville me gjere ved å utvikle og byggje ei utstilling med tilhøyrande læringsopplegg om energi, som vil inspirere og engasjere born, ungdom og vaksne.

Store deler av første etasje dekkjer no tema under paraplyen «energi», som til dømes produksjon av fornybar energi, straumnettet og energibruk i industrien. Prosjektet, med eit budsjett på 5,6 mill. kroner er truleg det største utviklingsprosjektet for ViteMeir på lang tid og blei mogleggjort av bidrag frå Vestland fylkeskommune, Sognekraft, Elkem, Sparebanken Sogn og Fjordane, Sparebanken Vest, Toyota Sogn, Statkraft, Høgskulen på Vestlandet (HVL), Sogn og Fjordane Energi, Hafslund Eco, Hydro, Okken Kraft og Aurland Energiverk. Alle har bidrege med naudsynt finansiering, og nokre, særleg HVL, har i tillegg bidrege i den faglege utviklinga av utstillinga. Nokre deler av utstillinga er framleis under utvikling og vil kome på plass i løpet av 2024.

Transaksjon 09222115557515081332 signert AFA, GKR, GH, ITM, MH, TIMMK, TGH, TAN

Installasjonen Berekraftig reiseliv er utvikla i samarbeid med Norway's Best og handlar om korleis reiselivet arbeider med å bli meir berekraftige og dei ulike aspekta ved berekraft. Denne opna vinteren 2023 og er plassert slik at den er integrert i energiutstillinga.

Matematikkområdet på ViteMeir har blitt utvikla vidare i 2023 òg. Her har små installasjonar komme til for å supplere det eksisterande området, inkludert installasjonen «Nærast null», som er utvikla ved Vitensenteret i Trondheim.

ViteMeir sitt VR- og filmrom har vore i bruk til både film og VR gjennom 2023. I vinterferien fekk publikum prøve VR-opplevingar om sløkking av brann og evakuering av bygget. Opplevingane er utvikla i samarbeid med Sogn Brann og Redning og NagellD, med tanke på bruk i det førebyggande arbeidet som brann- og redningstenestene gjennomfører med 6. klassingar. Filmen om danninga av Sognefjorden var dessverre ute av drift store deler av året, grunna tekniske problem, men desse blei utbetra slik at filmen igjen kan visast til fritidspublikummet og andre gjestar. Frå midten av november til slutten av desember brukte me VR- og filmrommet til å huse den midlertidige utstillinga Peparkakebygda, sjå nærare omtale under 3.3.

I løpet av 2023 blei det brukt tid og ressursar på fleire utviklingsprosjekt som etter planen vil ferdigstillast og takast i bruk i løpet av 2024: vitenpark utanfor ViteMeir, mobile installasjonar til bruk i ViteMeir på hjul, og dei to frittståande installasjonane skredspelet og robotarmen.

*

Transaksjon 09222115557515081333 Signert AFA, GKR, GH, ITM, MH, TIMMK, TGH, TAN

3.3. ViteMeir for fritidsbesøkande

I 2023 hadde ViteMeir 15 907 fritidsgjestar og 3889 gjester som besøkte ViteMeir i jobbsamanheng. Det var ei auke på besøkande utanfor senteret, frå 620 personar til 2239. Totalt sett har fritidsbesøka gått litt ned. Dette kan komme av at ViteMeir ikkje har den same nyheitsinteressa som i 2022, men me har likevel hatt ein auke i besøk frå september-desember samanlikna med 2022, og besøkstala for sommaren var tilnærma identisk med dei for 2022.

ViteMeir skal vere eit spanande senter for dei som har vore her fleire gonger før, og me ønskjer å bidra til realfagsglede. For å oppnå dette, og for å oppretthalde og auke besøkstala i det andre opningsåret, har me frå hausten 2023 av innført ulike arrangement kvar helg på fast basis. Dette såg me ein effekt av allereie kort tid etter me starta. I feriane hadde me som tidlegare lågterskelarrangement kvar dag. Me har til dømes hatt 3D-printing, tekstiltrykking, eksperimentshow, blodtypetesting og andre aktivitetar. I 2023 deltok me på fleire marknader og gjennomførte fleire vitenshow enn i 2022, og i sommarferien hadde me vitenshow i auditoriet kvar dag i seks veker.

Transaksjon 09222115557515081333 signert AFA, GKR, GH, ITM, MH, TIMMK, TGH, TAN

Gjennom året har me hatt sju quizkveldar, 20 bursdagsfeiringar, fleire julebord, pubkveld arrangert av Kaupanger Bygdekor og andre private arrangement. Dette gjer at ViteMeir har vore ein samlingsstad for lokalbefolkninga også i år. Frå oktober har me arrangert ungdomskveldar i SmakeMeir på oppdrag frå ungdomsavdelinga i Sogndal kommune, noko som har ført til at 40-70 ungdommar har vore samla nesten kvar onsdag gjennom hausten og vinteren. Fritidsklubben Sygnir Reodorklubb, for born i aldersgruppa 5. til 10. klasse, har gjennomført eit heilt driftsår, og hadde ved utgangen av året 36 medlemmar. Det er blitt tilsett to "Reodorvertar" som bistår i klubben og som etterkvart kan styre opplegga sjølve.

Den midlertidige utstillinga Peparkakebygda såg dagens lys i 2023, og det blei (noko utradisjonelt) fastslått allereie før opning at dette no er ein tradisjon på ViteMeir. Med Peparkakebygda engasjerte me både skular, barnehagar og lokalt næringsliv i bygginga av utstillinga. I tillegg fekk fritidspublikummet delta gjennom peparkakepynte-aktivitetar i vår Smakslab. Målet var å skape ein triveleg førjulstradisjon for lokalbefolkninga samtidig som me skapar arrangement basert på peparkakebygda og såleis får fleire besøkande i helgene før jul. Det er vanskeleg å sei om peparkakebygda bidrog aleine til å auke besøkstala våre i november og desember, men tilbakemeldingar frå dei som bidrog og dei som var innom har vore udelt positive.

Våren 2023 var det spanande å sjå korleis vinteren hadde påvirka takhagen vår. Heldigvis hadde dei aller fleste plantene klart seg heilt fint, og dette lovar godt for åra framover. Filosofien er fortsatt den same , det skal kun vera nyttevekster i takhagen og me ønskjer å bruke mest mogleg i SmakeMeir og på SmaksLab, og me nyttar i tillegg takhagen aktivt i salgsarbeidet mot turisme.

Utleige av møterom, teambuilding og arrangement på bygget i samarbeid med til dømes Sogn Næring har knytt ViteMeir og næringslivet saman. Kombinasjonen av lokale, servering og aktivitetar har vist seg å vere eit godt tilbod som blir nytta av både nærings- og organisasjonsliv, kommunar og andre offentlege aktørar. ViteMeir synleggjer lokalt næringsliv i senteret med til dømes profilering.

Transaksjon 09222115557515081332 signert AFA, GKR, GH, ITM, MH, TIMMK, TGH, TAN

3.4. SmakeMeir

Ny leiar for mat og drikke starta ved årsskifte og dei første månadene av 2023 handla mykje om å arbeida fram ein god struktur i avdelinga, som grunnlag for å kunne utvikle nye og eksisterande konsept og skape nye og fleire produkt. Me registrerer ein fin auke av daglege kafégjestar og gler oss over at SmakeMeir er ein attraktiv samlingsplass, for unge og gamle, lokale og tilreisande.

SmakeMeir har hatt faste, daglege lunsjleveringsavtalar med fleire lokale bedrifter på Kaupanger. Elevar ved VGS samlokalisert i ViteMeir- bygget, har hatt fast lunsjservering 3 dagar i veka. SFO ved Kaupanger skule inngjekk avtale om faste leveransar for elevane sine. Til saman har dette vore eit viktige bidrag for å kunne halde på ein god og stabil tropp med tilsette i kafeen gjennom heile året.

I løpet av 2023 blei det gjennomført fire matkurs på Smakslab innanfor ulike tema. Me har berre positive erfaringar med dette, og responsen frå deltakarane har vore svært god. Me planlegg for meir aktivitet på dette området i 2024.

Transaksjon 09222115557515081332 signert AFA, GKR, GH, ITM, MH, TIMMK, TGH, TAN

ViteMeir vart i 2023 invitert inn i styringsgruppa for prosjektet «Mat- og drikkeambassadør for Sogn». Prosjektet er eit samarbeid mellom næringa, Sogn Næring og Vestland fylkeskommune ved Restaurant- og matfag. Målet er å legge til rette for betre rekruttering til faget, profilering av lokal mat og drikke og betre samarbeid og samhandling i reiselivs- og serveringsnæringa. ViteMeir er glad for at SmakeMeir er ein naturleg samarbeidspart inn i eit slikt prosjekt, med vekt på innsatsområdet rekruttering og kompetanse.

Gjennom 2023 har SmakeMeir teke imot fleire praksiskandidatar med ulike former for tilretteleggingsbehov. Dette har tilført drifta i kafeen mykje positivt på fleire felt og er noko vi ynskjer å fortsetje med også frametter. SmakeMeir skal delta i Sogn regionråd sitt mentorprogram for fleirkulturelle arbeidsplassar våren 2024. Deltakinga vil auke integreringskompetansen og på den måten bidra til eit meir mangfaldig og inkluderande arbeidsliv.

ViteMeir har som mål å bidra til at gjestane våre reduserer sine klimautslepp. Eit av områda me satsar på i denne samanhengen, er reduksjon av matsvinn, både i formidlinga vår og i drifta av kafeen SmakeMeir. Arbeidet vårt på dette området vert lagt merke til, og SmakeMeir hadde i 2023 oppdrag utanfor huset både med matlaging, servering og føredrag om dette temaet. Nye matreddar-arrangement i 2024 er tinga.

Vår eigen takhage forsynte oss rikeleg med urter og bær denne sommaren, ferske gjennom sesongen og tørka og frosne i vinterhalvåret. Me har etterkvart erfart kva artar som eignar seg godt til dyrking der oppe og korleis mest mogeleg kan nyttast i mat som vert servert frå SmakeMeir-kjøkkenet.

Me er i gong med å knyta til oss fleire lokale leverandørar av mat og drikke for å kunne utvikle endå fleire rettar med lokalt særpreg og med større del økologiske råvarer. Dette vert eit viktig satsingsområde for kafeen i året som kjem. Det vert ein vesentleg del av eit ferdig pakka opplevingsprodukt ved ViteMeir som skal markedsførast og seljast til turistgrupper og individuelle reisande, nasjonalt og internasjonalt.

Transaksjon 09222115557515081333 signert AFA, GKR, GH, ITM, MH, TIMMK, TGH, TAN

4. Administrasjon og styring

4.1. Styret

Styret i 2023 bestod av:

Styreleiar	Tor Arne Ness	Kaupanger Næringsforening
Nestleiar	Geir Kåre Resaland	HVL
Styremedlem*	Torunn G. Hønsi	Vestlandsforsking
Styremedlem**	Theres Kiboko	Norway's Best
Styremedlem	Alexander Fosse Andersen	Vestland Fylkeskommune
Styremedlem	Mari Husabø	Sogndal kommune
Styremedlem	Ingvar Torsvik Myrvollen	Kinn kommune
Varamedlem	Anders Bjærke	Kaupanger Næringsforening
Varamedlem	Senea Sabanovich	Vestland Fylkeskommune
Varamedlem	Line Bjelde	Sogn Næring

*Ida Tidemann-Andersen fram til nyval av styre på generalforsamling 23.05.2023
**Ingrid Lydvo fram til nyval av styre på generalforsamling 23.05.2023.

Det vart gjennomført fire styremøte i 2023.

4.2. Organisasjon

Ved utgangen av 2022 var ViteMeir organisert som følgjer:

Transaksjon 09222115557515081333 signert AFA, GKR, GH, ITM, MH, TIMMK, TGH, TAN

Per. 31.12.2023 hadde ViteMeir 5,9 årsverk på avdeling Formidling, inkludert formidlingsleiar. I tillegg var to 20 % prosjektstillingar frå HVL tilknytt formidlingsavdelinga. Leiar for sal og marknad hadde per 31.12 personalansvar for seks vitenvertar i 20 %-stillingar, som jobbar ettermiddag, helgar, feriar og ved spesielle arrangement. To årsverk var per 31.12 plassert under Utstilling og drift. I SmakeMeir var det per 31.12 plassert 3,3 årsverk, inkludert leiar for mat og drikke og to smakevertar i 20 % stillingar. I løpet av 2023 har det òg vore tre tilkallingsvikarar som har vore knytte til SmakeMeir. Desse har til saman utført i underkant av 0,1 årsverk.

4.3. Samarbeidspartnarar

ViteMeir er avhengige av støtte frå både det offentlege og privat næringsliv og har ei rekke støttespelarar og samarbeidspartnarar som mogleggjer drifta av eit vitensenter i Sogn og Fjordane.

Høgskulen på Vestlandet har vore ein sentral samarbeidspartnar sidan prosjektfasen. HVL har vore involvert i den faglege utviklinga av senteret både før og etter opning. To tilsette ved HVL har tjue prosent av kvar sin respektive stilling som skal brukast i rolla som vitensenterkoordinatorar. Dei jobbar tett på ViteMeir og koordinerer samarbeid om til dømes forskingsprosjekt. HVL har gjennom avtalen med ViteMeir tilgang til senteret til bruk i undervisninga for studentane. I 2023 blei samarbeidsavtalen mellom HVL og ViteMeir forlenga for fem nye år, frå 2024.

I 2023 fekk ViteMeir driftsstøtte frå Kunnskapsdepartementet (via Forskingsrådet sitt Vitensenterprogram VITEN) og Vestland fylkeskommune.

Lokalt og regionalt næringsliv har heilt sidan 2018 vore ei viktig brikke i realiseringa av ViteMeir. I 2023 hadde ViteMeir partnaravtalar med nærare 40 lokale, regionale og nasjonale bedrifter og næringslivsaktørar. ViteMeir er svært takksame for både bidraga og engasjementet til dei mange partnarane våre.

I tillegg disponerte ViteMeir prosjekt- og gåvemidlar frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, Sparebanken Vest, Gjensidigestiftelsen og Tekna.

ViteMeir er samlokaliserte med Sogndal VGS Transport og Logistikk. Me samarbeider om bruken av fleire rom, men også om transportsimulatoren me har i utstillinga.

Transaksjon 09222115557515081332 Signert AFA, GKR, GH, ITM, MH, TIMMK, TGH, TAN

4.4. Helse, miljø og tryggleik

4.4.1. Miljøfyrtårn

Bedrifta skadar eller påverkar ikkje det ytre miljø. Verksemda produserer ikkje og leverer ikkje produkt som kan skape miljøproblem. ViteMeir blei miljøfyrtårn-sertifiserte i starten av juli 2023.

4.4.2. Det kontinuerlege HMT-arbeidet

I 2023 blei det etablert ei HMT-gruppe som allereie har løfta det kontinuerlege HMT-arbeidet. Det har blitt etablert eit godt system for prosedyrar og rutinar, i første omgang med særleg fokus på læringsopplegg og aktivitetar retta mot publikum. Det er blitt gjennomført to brannøvingar og to vernerundar, og ein detaljert gjennomgang av alle kjemikaliar på bygget.

I 2024 kjem det til å vere stort fokus på å følgje dei nye rutinane og å gjere alle tilsette vande med å alltid ha fokus på HMT. Bedriftshelse1 er involvert for å få gjennomført kurs innan HMT og førstehjelp. Det er sett opp årlege kurs i førstehjelp, med eit mål om at alle tilsette skal ha gjennomført det minimum kvart andre år. Det er òg innført årlege kriseøvingar. Den første er planlagt gjennomført i løpet av våren 2024.

4.4.3. Arbeidsmiljø

Det blir kontinuerleg jobba med å skape gode rutinar og ei effektiv verksemd med eit godt arbeidsmiljø. Dette blir gjort i tett dialog mellom dei tilsette og dagleg leiar.

Sjukefråvær

	2022	2023
Totalt fråvær, inkl. sjukt barn og velferdspermisjon	7 %	4,22 %
Sjukefråvær	6,64 %	3,56 %
Legemeldt sjukefråvær	91 %	83 %
Eigenmeldt sjukefråvær	9 %	17 %
Dagar sjukefråvær	590	289
Dagar eigenmeldt sjukefråvær	51	49

Endringa frå 2022 til 2023 må tolkast med noko varsemd, då det er kjend at det var noko feilregistrering i 2022. Det er likevel ikkje noko tvil om at talet på fråværsdagar var langt høgare i 2022 enn i 2023.

Likestilling

Blant dei 24 tilsette på ViteMeir per 31.12.2023 var det 40 % menn og 60 % kvinner. Sett vekk frå viten- og smakevertane var kjønnsfordelinga høvesvis 31 % menn og 69 % kvinner. Blant viten- og smakevertane var det 62 % menn og 38 % kvinner. I leiande stillingar er det 100 % kvinner. ViteMeir er merksame på den skeive kjønnsfordelinga, særleg i leiinga.
I styret, inkludert vararepresentantane som har møterett, er halvparten menn og halvparten kvinner.

4.5. Økonomi

I 2023 omsette Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS for kroner 21 022 169, inkludert tilskot og gåvemidlar. Driftsresultatet blei på 1,69 mill. kroner. Årsresultatet etter finansinntekter blei kroner 1 935 425 og blir overført til anna eigenkapital.

4.5.1. Kommentarar til resultatet

Både inntekter og kostnadar blei lågare enn budsjettert i 2023. Avviket på kostnadssida var større enn på inntektssida og dette resulterte i eit positivt resultat. Budsjettet for 2023 blei lagt med utgangspunkt i 2022, som var det første heile driftsåret. Sjølv med eit heilt driftsår som utgangspunkt, var det utfordrande å budsjettere realistisk på alle område, særleg fordi rutinane for kontering blei lagt om i løpet av siste del av 2022.

Dei største avvika mellom budsjett og rekneskap på inntektssida finn me på billettinntekter. Rekneskapen viser eit negativt avvik på i underkant av 0,5 mill. kroner i forhold til budsjettet og ein nedgang på om lag 0,3 mill. kroner samanlikna med 2022. Nedgangen heng saman med besøkstala på fritidsmarknaden.

Inntekter frå gåver og tilskot blei om lag 1,2 mill. kroner lågare enn budsjettert. Hovudårsakane til dette er at prosjektet «Unge eldsjeler» blei mindre enn budsjettert, men dette har minimum tilsvarande effekt på kostnadssida. Gåvemidlar til transport knytt til læringsopplegget frukt- og bærakademiet blei heller ikkje inntektsført i 2023. Årsaka til dette er at skulane i liten grad har nytta seg av tilbodet, fordi dei måtte betale for sjølve læringsopplegget sjølve. På grunn av dette fekk me omgjort føresetnadane for gåva slik at gåva kan nyttast til både transport og læringsopplegg for skulane som ikkje har bruksavtale. Dette får òg konsekvensar på kostnadssida, med lågare kostnader til leige av skulebuss. Det er venta at gåva blir utbetalt i 2024.

Transaksjon 09222115557515081332 signert AFA, GKR, GH, ITM, MH, TIMMK, TGH, TAN

SmakeMeir hadde ein omsetnadsvekst på om lag 1,1 mill. kroner og kom ut om lag som budsjettert. Lønnskostnadane for SmakeMeir ende på 23 % under budsjett.

Den største innsparinga samanlikna med budsjett er knytt til personalkostnader. Innsparinga er på i underkant av 1,7 mill. kroner. Årsaka til innsparinga er todelt: for det første var 2022 ikkje eit normalår bemanningsmessig. Det første året var det viktig å ha nok folk på jobb på helgar og i feriar. Etter kvart som me har fått meir erfaring med kva som er det reelle behovet når det gjeld bemanning, har me effektivisert drifta deretter. Dette har ført til ei ønskja effektivisering. For det andre hadde arbeidsgjevaravgift ved ein inkurie blitt sett for høgt i budsjettet.

Driftskostnadane ende om lag 1 mill. kroner under budsjett. Det er positive og negative avvik på ein rekke felt. Det største avviket er på leige av skulebuss i samband med besøk til senteret, jf. omtale av gåvemidlar knytt til frukt- og bærakademiet over.

Det blir lagt til grunn at meir erfaring vil gjere det enklare å budsjettere realistisk. Samstundes vil lengre driftstid etter kvart auke risikoen for uføresette kostnader til reparasjon, vedlikehald og oppdateringar. For å handtere dette er det viktig å kunne ha eit visst handlingsrom i budsjettet.

4.5.2. Fortsett drift

Det blir med dette stadfesta at føresetnaden om fortsett drift er til stades. Selskapet sin eigenkapital er positiv og rammevilkåra for vidare utvikling er gode. Årsrekneskapen er utarbeida i samsvar med dette.

Kaupanger, 08.04.2024

Tor Arne Ness, styreleiar	Geir Kåre Resaland, nestleiar
Alexander Fosse Andersen	Torunn Gauteplass Hønsi
Mari Husabø	Ingvar Torsvik Myrvollen
Theres Kiboko	Gry Høyheim, dagleg leiar

Transaksjon 09222115557515081332 signert AFA, GKR, GH, ITM, MH, TIMMK, TGH, TAN

ÅRSREGNSKAP 2023

VITENSENTERET I SOGN OG FJORDANE AS

Org.nr. 920 643 515

Innhold:

Resultatregnskap
Balanse
Noter

Revisjonsberetning

Årsregnskapet er utarbeidet av Azets Insight AS

Transaksjon 09222115555515031322 Signert AS GKR, GH, ITM, MH, TIMMK, TGH, TAN

Resultatregnskap

	Note	2023	2022
Driftsinntekter			
Salsinntekt		9 461 086	8 244 054
Sponsorinntekter		2 489 405	2 770 102
Tilskot og bidrag	1	8 593 166	6 810 719
Anna driftsinntekt		478 511	921 455
Sum driftsinntekter		**21 022 169**	**18 746 330**
Driftskostnader			
Varekostnad		-1 665 311	-1 186 762
Lønskostnad	2, 3	-9 107 432	-8 621 392
Avskriving på varige driftsmidlar og immaterielle eigedelar	4	-106 011	-57 061
Andre driftskostnader		-8 448 745	-7 903 818
Sum driftskostnader		**-19 327 500**	**-17 769 033**
Driftsresultat		**1 694 669**	**977 297**
Finansinntekter			
Anna renteinntekt		233 500	14 151
Anna finansinntekt		20 851	0
Sum finansinntekter		**254 351**	**14 151**
Finanskostnader			
Anna rentekostnad		-6 230	-4 369
Anna finanskostnad		-13 070	-14 047
Sum finanskostnader		**-19 300**	**-18 415**
Netto finans		**235 051**	**-4 264**
Resultat før skattekostnad		**1 929 720**	**973 033**
Skattekostnad	5, 6, 7	5 705	-217 960
Årsresultat		**1 935 425**	**755 073**
Overføringer			
Anna eigenkapital		1 935 425	755 073
Sum overføringer		**1 935 425**	**755 073**

Balanse

	Note	31.12.2023	31.12.2022
EIENDELER			
Anleggsmidler			
Varige driftsmidler			
Utstillingar	8	724 576	122 600
Inventar, kontormaskiner og liknande	4, 8	589 400	235 300
Sum varige driftsmidler		**1 313 976**	**357 900**
Sum anleggsmidler		**1 313 976**	**357 900**
Omløpsmidler			
Varer			
Varer		88 378	125 599
Sum varer		**88 378**	**125 599**
Fordringer			
Kundefordringar		900 431	1 557 966
Andre kortsiktige fordringar	9	575 546	801 453
Sum fordringer		**1 475 978**	**2 359 419**
Bankinnskudd, kontanter og lignende			
Bankinnskot, kontantar og liknande		8 108 992	6 381 855
Sum bankinnskudd, kontanter og lignende		**8 108 992**	**6 381 855**
Sum omløpsmidler		**9 673 348**	**8 866 873**
SUM EIENDELER		**10 987 324**	**9 224 773**

Balanse

	Note	31.12.2023	31.12.2022
EGENKAPITAL OG GJELD			
Egenkapital			
Innskutt egenkapital			
Aksjekapital	10, 11	3 060 000	3 060 000
Anna innskoten eigenkapital	11	-5 570	-5 570
Sum innskutt egenkapital		**3 054 430**	**3 054 430**
Opptjent egenkapital			
Anna eigenkapital	11, 12	3 670 861	1 354 411
Sum opptjent egenkapital		**3 670 861**	**1 354 411**
Sum egenkapital		**6 725 291**	**4 408 841**
Gjeld			
Avsetning og forpliktelser			
Utsett skatt	5, 6	0	5 705
Sum avsetning for forpliktelser		**0**	**5 705**
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		1 623 870	1 353 811
Betalbar skatt	5, 6	0	212 255
Skuldige offentlege avgifter		500 621	510 078
Anna kortsiktig gjeld	13, 14	2 137 542	2 734 083
Sum kortsiktig gjeld		**4 262 033**	**4 810 226**
Sum gjeld		**4 262 033**	**4 815 931**
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		**10 987 324**	**9 224 773**

Kaupanger, 8. april 2024

Tor Arne Ness
styrets leder

Geir Kåre Resaland
nestleder

Alexander Fosse Andersen
styremedlem

Ingvar Torsvik Myrvollen
styremedlem

Mari Husabø
styremedlem

Torunn Gauteplass Hønsi
styremedlem

Theres Inga Margareta Moberg Kiboko
styremedlem

Gry Høyheim
daglig leder

Noter

Regnskapsprinsipper

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små foretak.

Driftsinntekter
Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet. Tenester vert inntektsført etter kvart som dei vert levert. Sponsoravtalar vert inntektsført og klassifisert som andre driftsinntekter.

Tilskot
Tilskot eller gåver gitt til drifta vert ført som ei inntekt eller ein kostnadsreduksjon mot tilhøyrande kostnadar i resultatrekneskapen. Tilskot eller gåver som er gitt til investeringar/ driftsmiddel er ført som reduksjon av den balanseførte verdien av investeringen/driftsmiddelet. Tilskot som er motteke, men ikkje nytta i rekneskapsåret er ført opp som gjeld i balansen.

Klassifisering og vurdering av balanseposter
Anleggsmiddel er eigedelar bestemt for varig eige eller bruk. Eigedelar som er knytt til varekretsløpet er klassifisert som omløpsmiddel. Fordringar vert klassifisert som omløpsmiddel viss dei forfell til betaling innan eit år etter transaksjonsdagen. Tilsvarende klassifiseres gjeld som kortsiktig viss gjelda forfell til betaling innan eit år.

Omløpsmiddel vert vurdert til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nomineltbeløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmiddel vert vurdert til kostpris redusert med tilskot gitt til investeringen. Varige anleggsmiddel vert avskriveetter ein fornuftig avskrivningsplan. Anleggsmiddel vert nedskrive til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje vert rekna å være forbigåande. Langsiktig gjeld med unntak av andre avsetninger vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Fordringer
Kundefordringar og andre fordringar er ført opp i balansen til pålydande etter fradrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap vert gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av dei einskilde fordringane.

Varelager
Lager av innkjøpte varer er verdsatt til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi. Det vert føreteke nedskriving for pårekna ukurans.

Varige driftsmiddel
Varige driftsmiddel vert balanseført med reduksjon for tilskot motteke til investeringa. Driftsmiddel vert aktivert etter nettometoden. Varige driftsmiddel vert avskrive over driftsmidla si levetid dersom dei har antatt levetid over 3 år og har ein kostpris som overstiger kr 15.000. Direkte vedlikehald av driftsmiddel kostnadsføres løpande under driftskostnader, medan påkostningar eller forbetringar vert lagt til driftsmiddelet sin kostpris og avskrive i takt med driftsmiddelet.

Andre rekneskapsprinsipp:
Leigeavtaler er ikkje balanseført og pengepostar i utenlandsk valuta er verdsatt til kursen ved rekneskapsårets slutt.

Skatt
Selskapet er skattepliktig for deler av drifta ved senteret. Skattekostnaden i resultatrekneskapen omfattar både periodens betalbare skatt og endring i utsett skatt. Utsett skatt er berekna med 22% på grunnlag av dei midlertidige skildnadane som eksisterer mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar, samt skattemessig underskot til fremføring ved utgangen av rekneskapsåret. Etter god rekneskapsskikk for små foretak vert ikkje utsett skattefordel balanseført.

Note 1 - Driftsinntekter

Tilskot og bidrag består av:

	2023	2022
Tillskot gåveforsterkningsordninga KUD	0	250 000
Statleg tilskot Norges Forskningsråd	5 322 288	5 000 000
Driftsstøtte Vestland Fylkeskommune	2 500 000	1 000 000
Andre tilskot	770 878	560 719
Sum	**8 593 166**	**6 810 719**

Note 2 - Lønnskostnader

Spesifikasjon av lønnskostnader	2023	2022
Lønn	7 692 188	7 229 477
Arbeidsgiveravgift	858 529	839 247
Pensjonskostnader	418 247	409 156
Andre relaterte ytelser	138 469	143 511
Sum	**9 107 433**	**8 621 391**

Note 3 - Antall årsverk

Antall årsverk sysselsatt i regnskapsåret: 14

Note 4 - Varige driftsmidler og immaterielle eiendeler

	Varige driftsmidler
Anskaffelseskost 01.01.	414 961
Tilgang i året	1 062 087
Avgang i året	0
Anskaffelseskost 31.12.	**1 477 048**
Samlede avskrivninger, nedskrivninger og reverseringer av nedskrivninger	-163 072
Balanseført verdi per 31.12.	**1 313 976**
Avskrivninger, nedskrivninger og reverseringer av nedskrivninger i regnskapsåret	106 011

Note 5 - Spesifisering av skatt

Skattekostnad	2023	2022
+/- Endringer i utsatt skatt/utsatt skattefordel	5 705	0
Skattekostnad	**5 705**	**0**

Skattepliktig inntekt		
Resultat før skatt	1 929 720	973 033
Permanente forskjeller	-2 490 118	-1 280 886
+/- Endring i midlertidige forskjeller	-51 425	-25 931
Skattepliktig inntekt	**-611 823**	**-333 784**

Note 6 - Midlertidige forskjeller - utsatt skatt/skattefordel

Utsatt skatt/utsatt skattefordel i balansen avsettes på grunnlag av forskjeller mellom regnskapsmessige og skattemessige verdier i henhold til norsk regnskapsstandard for skatt.
Midlertidige skatteøkende og skattereduserende forskjeller som kan utlignes er nettoført.

Midlertidige forskjeller knyttet til:	01.01.2023	31.12.2023	Endring
Anleggsmidler	25 931	77 356	-51 425
Fremførbart underskudd	-333 785	-945 608	611 823
Kortsiktig gjeld	0	0	0
Andel skattepliktig avsatt utbytte	0	0	0
Netto forskjeller	**-307 854**	**-868 252**	**560 398**
Skattereduserende forskjeller som ikke kan utlignes	307 854	868 252	-560 398
Sum midlertidige forskjeller som påvirker betalbar skatt	**0**	**0**	**0**
Utsatt skatt 31.12.2023 basert på 22 %	**5 705**	**0**	**5 705**

Note 7 - Skatteplikt

Vitensenteret i Sogn og Fjordane er skattepliktig for deler av drifta ved senteret.

Note 8 - Investeringstilskot

Balanseførte utstillingar er i hovudsak finansiert med tilskot. Balanseførte utstillingar er nettoført i rekneskapen.

Note 9 - Lån og sikkerhetsstillelse til ledende personer, eiere med videre

Det er ikke gitt lån eller sikkerhetsstillelse til medlemmer av styrende organer.

Note 10 - Aksjekapital

Aksjeklasse	Antall aksjer	Aksjenes pålydende	Bokført verdi
Ordinære	306	10 000	3 060 000

Aksjonærer	Antall aksjer	Eierandel %	Aksjeklasse
VESTLAND FYLKESKOMMUNE	102	33,33	Ordinære
SOGNDAL KOMMUNE	56	18,30	Ordinære
KAUPANGER NÆRINGSFORENING	30	9,80	Ordinære
STIFTINGA VESTLANDSFORSKING	23	7,52	Ordinære
SOGN NÆRING AS	20	6,54	Ordinære
LUSTER KOMMUNE	17	5,56	Ordinære
VIK KOMMUNE	12	3,92	Ordinære
LÆRDAL KOMMUNE	11	3,59	Ordinære
KINN KOMMUNE	10	3,27	Ordinære
NITO NORGES INGENIØR OG	10	3,27	Ordinære
HØGSKULEN PÅ VESTLANDET	10	3,27	Ordinære
SUNNFJORD KOMMUNE	5	1,63	Ordinære
Totalt antall aksjer	**306**	**100**	

Note 11 - Egenkapital

	Aksjekapital	Anna innskoten eigenkapital	Anna eigenkapital	Sum
Egenkapital 31.12.2022	3 060 000	-5 570	1 354 411	4 408 841
Prinsippendringer og korreksjoner	0	0	381 025	381 025
Egenkapital 01.01.2023	3 060 000	-5 570	1 735 436	4 789 866
Årsresultat	0	0	1 935 425	1 935 425
Egenkapital 31.12.2023	**3 060 000**	**-5 570**	**3 670 861**	**6 725 291**

Note 12 - Egenkapital

Vitensenteret i Sogn og Fjordane har fått endra skatteoppgjeret for åra 2021 - 2022. Endring tidlegare år er ført mot eigenkapitalen i samsvar med God Rekneskapsskikk for små foretak.

Note 13 - Anna kortsiktig gjeld

Anna kortsiktig gjeld består av desse postane:

	2023	2022
Forskotsbetalte gåvekort	32 454	63 305
Periodisert tilskot til energiutstillinga	0	1 350 000
Periodisert inntekt	95 385	0
Periodisert tilskot	670 619	341 858
Forskotsbetalte årskort	5 799	80 783
Forskot frå kundar	0	40 000
Avsetning lønn og feriepengar	906 232	831 812
Avsetning påløpte kostnadar	427 053	26 324
Sum	**2 137 542**	**2 734 083**

Note 14 - Periodiserte tilskot og gåver

	2023	2022
Periodiserte tilskot og gåver	670 619	1 691 858
Sum	**670 619**	**1 691 858**

vitemeir

Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS

Miljøfyrtårn®

Berekraftig Reisemål
Lokalt engasjement
i eit langt perspektiv

Transaksjon 09222115557515081332 Signert AFA, GKR, GH, ITM, MH, TIMMK, TGH, TAN